



# ÅRSRAPPORT 2024

VISITVOS2 

## Januar

### Visningstur Noorderhuis

Noorderhuis er ein nederlandsk turoperatør som kom til Voss for å sjå på moglegheitene for å etablere ein rein trugetur til Voss i kombinasjon med Geilo. Operatøren ville nytte bergensbanen som eit sentralt element i produktet.



### Bransjedag i Myrkdalen

Bransjedag i Myrkdalen for Visit Voss-medlemmer! Me tok gratis skibuss frå Kulturhuset kl. 10.00, med retur frå Myrkdalen kl. 16.00. i Myrkdalen kunne ein velge mellom skikøyring i anlegget eller trugetur til Myrkdalen Aktiv sitt nye produkt, Lavvoen. Felles avslutning på dagen med omvisning på hotellet inkludert varm gløgg og snacks. :-)

## Februar



### Photoshoot langrenn Voss Resort

I Voss Resort ynskja me å fanga magien med langrenn i det vakre vinterlandskapet. Me ynskjer å visa fram dei flotte moglegheitene for langrenn på Voss, både for lokale og tilreisande. Bileta skal brukast i kampanjar og innlegg for å inspirera fleire til å oppleva Voss som langrennsdestinasjon.



## Mars



### Kompani Lauritzen premiefest Voss Kulturhus

Fullt hus og god stemning i Voss Kulturhus under den lokale førpremieren til Kompani Lauritzen 1. mars.

### NTW

NTW vart gjennomført i Trondheim frå 8-11.april, og frå Visit Voss er det Åsmund som tek turen nordover for å visa alt det flotte Voss har å by på. Her var det møter med turoperatørar og reisebyrå frå heile verda. Me har hatt fokus på å møte turoperatørar og reisebyrå som er aktuelle for vinterhalvåret og vil vera ein god match for Voss.

## April





## Sommaravspark

Rundt 50 deltok på sommaravsparket på Kapellankåken. Trude Storheim delte historia om huset, Visit Voss informerte, og Voss Kunst og Kultur presenterte Kulturminnedagane. Vossabakst delte planar for større lokaler, Yngve Høyland lanserte Smalahovesleppet i ny drakt, og Fjord Norge snakka om merkevarebygging. Fukt- og siderruta i Ulvik introduserte seg som nye medlemmar, med

**Mai** sider- og eplemostsmaking som ein suksessrik avslutning!

## Photoshoot Kvanndal

Visit Voss samarbeidar no tettare med Voss Ufferdslag for å fremje turar som har god infrastruktur og lite press. Sherpatrappene i Kvanndal er eit godt døme, der Hardanger Fjellguide i tillegg kan tilby guida turar.



## Visningstur ANWB

I slutten av mai hadde me besøk av ei gruppe frå den store nederlandske turoperatøren ANWB som var på visningstur med sine beste reisebyrå. Dei var på vandretur på toppen av Hanguren på rafting og hadde middag og overnatting på Scandic Voss.

## Tour of Norway

Verdseliten i landevegssykling kom nok ein gong til bygda vår! Det vart folkefest i sentrum, og arrangørane håpa på mykje publikum langs løypa!



## Juni



## Saman prosjektet

Prosjektet inkluderte utvikling av ein nettportal retta mot bedriftsmarknaden, som presenterte tilbod frå ulike leverandørar på Voss.

Prosjektet vart utført av SPRILT og Maota for Visit Voss.

## Juli

## Photoshoot Sauna Bakka

Photoshooten hadde som mål å visa fram den unike opplevinga Wild Sauna gir i spektakulære omgjevnader ved Nærøyfjorden. Bileta skal inspirera fleire til å oppleve fjorden med Voss som base.



## August

### Kompani Lauritzen (kjendis) innspeling av sesong 2

Kompani Lauritzen starta innspeling av ny sesong på Voss i slutten av august, og me gleda oss til å få kompaniet tilbake! Sesong 5 av Kompani Lauritzen hadde veldig gode sjåartal i snitt gjennom heile serien.



## September



### Hike and Bike workshop

I september hadde me eit samarbeid med Innovasjon Norge for å arrangera ein Hiking & Biking Workshop. Her deltok 26 utanlandske turoperatørar og 24 norske seljarar. Deltakarane har fått oppleve aktivitetar rundt omkring på Voss, hatt seminar på Scandic, aperitiff på Fleischers og ein minneverdig middag på Hangurstoppen.

### Photoshoot Oksen

Photoshooten hadde som mål å visa fram dei fantastiske turmoglegheitene til Oksen og kor magisk det er å oppleve Voss om hausten. Bileta skal inspirera fleire til å oppdaga Voss som haustdestinasjon – perfekt for natur- og fjellentusiastar.



## Oktober



### Remerking berekraftig reisemål og etablering av destinasjonsleiing

I fjor skulle Voss merkast som berekraftig reisemål. Dette var eit stort arbeid kor me måtte rapportera på alt som vart gjort, både frå medlemmar, heradet og destinasjonsselskapet.

## November

### Årskonferansen Bergen Næringsråd

Me i Visit Voss gler oss til å arrangera frukostmøtet saman med Bergen Næringsråd 22. Januar i Bergen. Dette vert ein flott arena for å visa fram kva Voss har å by på ovanfor bedriftsmarknaden i Bergen.



### Krasjkurs besøksforvaltning – Oksenhalvøya

Kresjkurset gjekk over fire ettermiddag, kor bygdefolket, fylkeskommunen, heradet og Visit Voss freista å finne svar på ein del utfordringar og moglegheiter, primært knytt til den store turtrafikke til Oksen, som fører til stor biltrafikk på den smale bygdevegen mellom tuna.. Spennande diskusjonar og høgt engasjement.

## Desember

### Tropp Finalefest

Ein fullstappa sal i Gamlekinoen fekk oppleve deltakarane og tv-stjernene på nært hald.



### UK Charter satsing

Ein koalisjon med Voss Resort og Myrkdalen i spissen, Visit Voss, Fleischer's, Park, Scandic, Elva, Vandrarheimen og Store Ringheim har no landa ein eksklusiv charterflyging frå London til Bergen – ein milepæl for Voss som destinasjon for britiske skituristar. Frå neste vinter skal charterfly med plass til 189 passasjerar fly kvar sundag frå Gatwick i London til Bergen.

### Vinteravspark

Nærmare 60 engasjerte aktørar deltok på Vinteravspark for handel og reiseliv – ei inspirerande samling! Rune Strømsnes frå PwC delte innsikt om bedriftskultur og leiarutvikling, medan Seefood TV gav eit unikt innblikk i Tropp og Kompani Lauritzen med ferske sjåartal. Iselinn frå Fleischer's Hotel delte oppdateringar om nye produkt og satsingar, i tillegg til å vere vertskap. Gjestar fekk nyte god mat frå Fleischer's Hotel og Måkestad i pausane.



# STATUS TURISTINFORMASJONEN

I 2024 har Visit Voss hatt fokus på å auka sal av aktivitetar i turistinformasjonen, med ein auke på nærmare 30 % frå 2023. Medlemsverksemdene sel sine produkt her, og dei tilsette får testa opplevingar for å gje betre informasjon. Dei blir òg oppmoda til å besøka medlemsbedrifter for å få djupare innsikt i tilboda. Nye verktøy har forenkla arbeidet: eit system for vaktplanlegging gir betre oversikt over vakter, lønn og budsjettering, og tilsette får no vaktlistar for eit halvt år. Eit nytt kassasystem, integrerbart med bookingsystem, gjer salet meir effektivt.

Alle tilsette snakkar norsk og engelsk, og fleire kan andre språk. Ei ukrainsk dame fullførte språkpraksis hos oss i vår og jobbar no deltid. Me håpar på fleire slike kandidatar i framtida. Det er éin fast og fire deltidstilsette, og i tillegg har to vidaregåande elevar vore i praksis i haust. Me planlegg òg å ta inn ein lærling i sal- og reiselivsaget hausten 2025.



På hausten vart det vedteke å byggja om lokala i turistinformasjonen, slik at alle i næringshagen kunne samlokalisert der. Tidlegare avstand mellom avdelingane har gjort det vanskeleg å skapa samhald, men no er alle flytta ned i nye lokale. Dette vil styrka arbeidsmiljøet og samhaldet, og kan på sikt gjera det mogleg å halda ope fleire dagar i lågsesong. Me har òg fått ein sjølvbetjent turistinformasjon, som sikrar tilgang til informasjon utanom opningstidene.

For å styrka kunnskapen om Voss som reisemål, går me no over til digital opplæring via Motimate, ein interaktiv og morosam gamifiseringsplattform. Denne løysinga, brukt av mange store verksemdar, skal gjera opplæringa meir effektiv og tilgjengeleg. Me er no i sluttfasen med å utvikla ein introduksjonsmodul som snart blir tilgjengeleg for medlemsverksemdene.

## BESØKSSTATISTIKK I TURISTINFORMASJONEN




# OVERNATTINGSTAL

Overnattingar	Tal overnattingsdøgn 2024 (per nov)	Tal overnattingsdøgn 2023 (per nov)	%-endring	%-andel
I alt	354 300	339 405	4%	100%
Noreg	206 389	215 897	-4%	58%
Utlandet i alt	147 911	123 508	+20%	42%
<b>Topp 7 utlandet</b>				
Nederland	23 478	30 470	-23%	16%
Storbritannia	16 543	10 793	+53%	11%
Tyskland	15 021	13 473	+11%	10%
Kina	14 954	4048	+269%	10%
Spania	9513	6461	+47%	6%
USA	9428	8435	+12%	6%
resten av Asia	9078	4889	+86%	6%



# MARKNADSFØRING OG SOME 2024



## Heimesida i 2024:

Tal sidevisningar - 371 559

Gjennomsnittleg lesetid - 1m 25sek

Antall hendingar totalt - 3 928 055

(Ei hending = klikk på ein knapp og visning av video, scroll 25-50% ned på ei side)

(Halvanna månad med statistikk manglar på grunn av ein feil i Google analytics. Eit gjennomsnitt tilseier at det manglar ca 30 000 visningar)

## Topp 5

### Artiklar på visitvoss.no

1. Kva skjer på Voss?
2. Bakkanosi
3. Bordalsgjelet
4. Den store badeguiden
5. Voss Gondol

### Google søk for visitvoss.no

1. voss
2. bordalsgjelet
3. bakkanosi
4. voss norway
5. visit voss

### Nasjonalitetar

1. Norge
2. Irland
3. Storbritannia
4. USA
5. Nederland


## Tal følgjarar på SoMe:

 Instagram - 10 752

 Facebook - 12 809



70% av trafikken kjem via søk på t.d. Google.



## Annonser i 2024:


Hovudfilmene våre vert vist på Facebook, Instagram og Youtube. Dei er delt opp etter sesong og målgrupp (familiar eller venner og par).

**Tal annonser**  
86

**Tal visningar**  
8 073 000

**Kostnad**  
194 300 NOK

Visit Voss har annonser ute, gjennom heile året. Sjå graf med visningar:





# NYTTIGE LENKER

Markedsplan - Trello <https://trello.com/b/eJ5TuPoz/arshjul-2025>

Medlemsside <https://www.visitvoss.no/medlemsside>

Travel trade/Bransjeside <https://www.visitvoss.no/traveltrade>

Kva skjer på Voss? <https://www.visitvoss.no/arrangement-pa-voss>

Samanportalen <https://bedrift.visitvoss.no/>

Interngruppe Visit Voss - Facebook <https://www.facebook.com/groups/interngruppe.visitvoss/>

Ny bildebank skal opprettast som me skal dela med medlemmane

Hugs å meld deg på nyhendebrevet

<https://hardangervoss.us18.list-manage.com/subscribe?u=e7b1b53aed9ee9671dcb4cdb4c&id=212fc9e14f>

